

NCE Maritime CleanTech  
Meatjønnevegen 74  
5412 STORD

Dato: 10.10.2016  
Vår ref.: 2016/10394-3  
Saksbehandlar: rolrose  
Dykkar ref.:

## Støtte til prosjektet Urban Water Shuttle

Me syner til mailkorrespondanse og samtalar, samt til motteken prosjektskisse for «Urban Water Shuttle»-prosjektet. Fylkeskommunen er bedt om å signalisera støtte til prosjektet.

Hordaland fylkeskommune har eit sterkt miljøfokus i all si verksemd, særleg innafor kollektivtrafikken. Både klimaplanen og kollektivstrategien pålegg fylkeskommunen å arbeida for utsleppsfrie løysingar på kollektivsida.

I løpet av 2016 vil alle ferjesambanda i fylke verta lagt ut på nye anbod. I konkurransegrunnlaga er det stilt spesifikke miljøkrav. Med nye avtalar på plass, vil ferjesambanda vert drifta med ein heilt anna miljøprofil enn i inneverande anbodsperiode.

Når det gjeld båtsambanda i fylket er det dei to sambanda på Byfjorden som er mest aktuelle for null-utsleppsløysingar. Det gjeld i fyrste rekkje sambandet Kleppestø-Strandkaaien. Fylkesutvalet i Hordaland vedtok i 2012 at båtsambandet Kleppestø-Strandkaaien skulle driftast med miljøvenleg framdriftsteknologi. Skyss starta i 2013 å førebu ein anbodskonkurranse i samsvar med vedtaket. Arbeidet vart utsett som fylgje av at Askøy kommune arbeide med ein kommunedelplan som innebar ei større utbygging av Kleppestø, herunder kaiområdet. Per d.d. er ikkje kommuneplanen til Askøy kommune vedteken, og arbeidet med nytt konkurransegrunnlag for innføring av miljøvenleg framdriftsteknologi ligg på vent.

Det er uklart når det vil vera mogeleg å starta opp med miljøvenlege løysingar på dette sambandet. Det er planlagt byggjearbeid i Kleppestø i løpet av 2018. Askøy kommune har tidlegare signalisert at byggjearbeida kan ta fleire år.

På bakgrunn av dette vert det lagt opp til å lysa ut ny samla kontrakt for begge bybåtsambanda med oppstart i 2018 for Kleppestø-Strandkaaien og 2019 for Knarvik-Frekhaug-Bergen. Sambanda vert lyst ut med konvensjonell teknologi. Det vert lagt opp til at kontraktperioden skal vera relativt kort, og gjelda fram til det er mogeleg å starta opp ein meir langsiktig kontrakt med miljøvenlege framdriftsløysingar på sambandet Kleppestø-Strandkaaien.

Ut frå ovanståande er Hordaland fylkeskommune positiv til at det vert utvikla eit konsept for eit sjøbasert kollektivsystem tufta på prinsippet om null-utslepp, og som er særskilt egna for urbane område. Sett i eit langsiktig perspektiv så kan det vera fleire destinasjoner i det bynære område til Bergen der det kan verta aktuelt å etablere sjøverts kollektivsamband.

Hordaland fylkeskommune er opne for at sambandet Kleppestø-Strandkaaien vert nytta som eksempelamband, som inneber at data frå drifta kan nyttast i samband med simulering av ein reell

driftssituasjon, og fylkeskommunen vil gje dei opplysningane som ein kan om drifta av sambandet. Fylkeskommunen vonar at det let seg gjera å realisera og kommersialisera det konseptet som det vert søkt om midlar til å utvikla.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*